


SKULEREGLAR FOR HAFSLO BARNE- OG UNGDOMSSKULE

«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

- Alle må gjera sitt beste for å gjera dei arbeidsoppgåvene dei vert pålagde både på skulen og som heimearbeid, og halda dei tidsfristane dei får på slike arbeid.
- Mobiltelefon. Sjå skulen sine eigne retningslinjer for dette.
- Elevane på ungdomsskulen har lov til å ha tyggegummi i skuletida.
Ved særlege arrangement, som t.d. tentamen, avslutningar kan lærarane gje løyve til at elevane kan få ha med seg godteri på skulen. Energidrikk er ikkje lov!
- Vi unngår å gjere skade på skulebygning, inventar og materiell –og også på eigendelar som tilhøyrrer medelevar. Når me brukar buss har alle eit ansvar for å oppføre seg, respektere bussen sin eigedom og halde orden. Elevar kan verte erstatningsansvarlege etter erstatningsrettslege reglar. Foreldre er erstatningsansvarlege etter § 1-2 i skadeerstatningslova for opptil 5.000 kr. Ved tap eller øydelegging av bøker og utstyr må elevane erstatte dette.
- Ingen må gå utanfor skulen sitt uteområde utan særskild løyve frå lærar. **NB! Elevar har ikkje løyve til å gå på butikken i skuletida.** Dersom matpakka er gløymd, kan ein få knekkebrød og pålegg hjå administrasjonen. Elevane vert oppmoda om å ikkje handle snop på butikken til/frå skulen.
- Ved bruk av sykkel/sparkesykkel til og frå skulen oppmodar skulen at ein brukar sykkelhjelme og ferdast varsamt ved å avpasse fart og ta omsyn til gåande. Syklar skal bli parkert i sykkelstativa.
- Ved bruk av elektrisk sparkesykkel er det nasjonale reglar. Elevane må vere 12 år før de får bruke el-sparkesykkel og det er påbod om hjelm for barn under 15 år.
- Forbikøyring av andre som syklar og går på skulevegen, skal skje i lav fart. Ein skal trille El-sparkesykkelen i skulegarden. El-sparkesykkel parkerar ein ved sykkelstativ og det er eleven sitt ansvar å låse den.
- Elevane skal nytte fortauet i gata, sykle ned Funkebakken og parkere syklane i sykkelstativa ved klatreparken eller kunstgrasbana. Tilsette syklar ned til administrasjonsbygget og parkerar syklane der i sykkelstativa.
- Når skulen har undervisningsopplegg der ein må nytte sykkel er det påbod med hjelm.
- Elevar som nyttar skateboard og rulleskøyter i skuletida kan ferdast på svartebana og gangvegen på nedsida av gamle husmorskulen, og det er påbod om hjelm.
- Alle skal møte presist til kvar time. I arbeidsøktene og i tida mellom arbeidsøktene, hjelp vi til med å halde ro og god orden. Ved fusk eller freistnad på fusk, vil skulen vurdere konsekvensar av dette.
- Vi tek omsyn til kvarandre, slik at ingen vert plaga, erta, haldne utanfor eller utsette for annan sårande oppførsel. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring (**sjå kap. 12 i Opplæringslova**). Vi har nulltoleranse for mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Ved melding om krenkjande oppførsel, føl ein instruksar som er nedfelt i vår handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø.
- Grunnlaget for vurdering av orden og åtferd er om eleven opptrer i samsvar med § 6, § 7 og § 8 i det kommunale skulereglementet.



- Ved vurdering av orden og åtferd gjeld reglane om individuell vurdering i kapittel 9 i forskrift til opplæringslova. Nedsatt i orden eller åtferd. Kor mange merknadar skal til før ein får nedsatt? Orden: 10 merknadar og Åtferd: 10 merkandar
- Ved særskilde alvorlege hendingar som grov vald, grov mobbing/trakkasering, grovt hæverk eller bruk av rusmidlar/snus/røyking, nedsatt ein karakter/eit nivå i åtferd

Retningslinjer for bruk av mobiltelefon og smartklokke 2025/26

I samband med at mobiltelefon og smartklokke er vorten ein del av kvardagen til elevane våre, vil me med desse retningslinjene vere tydeleg på korleis me skal forhalde oss til bruk på skulen vår. Eit skulereglement skal regulere forhold som uroar undervisninga, eller skapar tryggleiksmessige eller andre problem ved skulen. Skulereglementet kan ikkje regulere fritida til elevane. Derfor kan me ikkje nekte elevane å ha med seg mobiltelefon og smartklokke på skulen, men oppmode foreldra til å vurdere bruken. Om mobiltelefonen og smartklokka ligg avslegen i sekken i skuletida, vil han ikkje forstyrre undervisninga eller miljøet på skulen. Om elevane ikkje følg reglane, set skulen inn tiltak for å stoppe dette.

Mobil- og smartklokke reglementet gjeld frå elevane kjem på skulen og til skule- og Sfo dagen er slutt.

1.-7. klasse:

- Dersom eleven har med mobiltelefon og/eller smartklokke på skulen, skal den ligge avslegen i sekken gjennom heile skuledagen.
- Om eleven MÅ bruke mobil/smartklokke utover dette, spør lærar om løyve.
- Dersom eleven brukar mobiltelefon/smartklokke i skuletida, blir den inndregen og levert i administrasjonen. Foreldre blir informert.
- Eleven eller foreldre må sjølv hente att mobiltelefon/smartklokke hjå administrasjonen når skuledagen er slutt.
- Dersom eleven igjen brukar mobiltelefon/smartklokke i skuletida, vert fylgjande konsekvens sett i verk: - Eleven let mobiltelefon/smartklokke vere att heime dei påfylgjande fem skuledagane. Foreldre blir informert. Eleven får merknad gjennom Visma Flyt Skule.
- Når elevane skal på symjing, ViteMeir og liknande. gjeld regelen at telefon/smartklokke skal ligge i sekken.

8.-10. klasse:

- Eleven har med mobil og smartklokker på eige ansvar.
- Dersom eleven har med mobiltelefon på skulen, skal mobilen ligge avslegen/flymodus i sekken frå eleven går inn på skulen og til han/ho reiser frå skulen.
- Om eleven MÅ bruke mobilen utover dette, spør lærar om løyve.
- Dersom eleven har mobiltelefonen synleg, dvs. i bukselomma eller i handa, får dei beskjed om å leggje telefonen i sekken.
- Dersom eleven brukar telefonen i skuletida, utan løyve, blir det merknad gjennom Visma Flyt Skule.
- Når elevane skal på symjing, ViteMeir og liknande. gjeld regelen at telefonen skal ligge i sekken.

For alle:

- Løyve til bruk av mobiltelefon kan lærar gi til elevgrupper om telefonen skal brukast i undervisningsopplegg.
- Om elevar har med mobiltelefon på skulen, er det på eige ansvar og den vert ikkje erstatta av skulen dersom den vert vekke eller øydelagt.
- Sosiale medier skal ikkje brukast til å mobbe/krenke andre, spre rykte o l. korkje på skulevegen eller i fritida, og sjølvstelt heller ikkje i skuletida. Hafslo, Vedteken i Samarbeidsutvalet

